

# Jakob Graf's fond for studentar i nordisk språkvitskap

## Statuttar

vedtekne av styret i Agder Vitenskapsakademi 26. august 2015

1. Jakob Graf's fond i Agder Vitenskapsakademi er framhaldet av "Jakob Graf's legat", som blei oppretta i 2001 ved daverande Høgskolen i Agder av Odny Graf Eriksen, Annie Graf og Hjørdis Graf Hole. Jakob Graf (1913-1997) sin store interesse for særleg norsk språkvitskap var bakgrunnen for opprettinga av legatet. Frå 2015 ligg fondet i og blir forvalta av Agder Vitenskapsakademi.
2. Det skal om mogleg delast ut 1-2 stipend årleg frå fondet til studentar i nordisk språkvitskap på mastergrads- og ph.d.-nivå ved Universitetet i Agder.
3. Styret fastset for kvart år om det skal delast ut eit eller to stipend, og storleiken på stipendet/stipenda.
4. Styret oppnemner ein komite til å gi innstilling blant søkarane.
5. Søknader om reisestipend skal prioriterast.
6. Stipenda blir delte ut på Akademiets årsfest.
7. Stipendmottakarane skal innan eit år sende ein kort rapport til Akademiet om korleis stipendet er brukt.